

**Saksframlegg****Revisjon av plan for trafikksikring**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø		
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**Dokument i saka:**

Plan for trafikksikring, KS 8/15, 26.02.2015

Referat frå møte i trafikksikkerhetsutval i Fyresdal, av 18.11.2016

Bakgrunn for saka:

Arbeid med trafikksikring er viktig i ein kvar kommune. Kommunen har ein gjeldane plan for trafikksikkerhet frå 26.02.2015. Planen må jamleg reviderast, for å få med seg nye moment i trafikksituasjonen.

Eit av krava for å få tildela midlar til trafikksikringstiltak frå TU Telemark, Aksjon skulevegmidlar, er at kommunen har ein godkjent plan for trafikksikring.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016 i sektor for Plan og teknikk, samferdsel, klima og miljøtiltak

Trafikksikringsutvalets medlemar:

Bjørn Håvard Olsen - lensmann i Fyresdal
Anette Gustavsens - rep for born og unge i Fyresdal
Aud Lukkasen - RMNEF
Øyvind Kile - hovedutval plan og miljø
John Kjell Lien - plan og teknikk, Fyresdal

Trafikksikringsutvalets mandat:

Utarbeide ein plan for trafikksikring for Fyresdal kommune. Denne planen skal innehalde prioriterte punkt for trafikksikring, tiltaksliste. Målet er at denne planen skal godkjennast av kommunestyret.

Ein godkjent kommunal plan for trafikksikring er ein føresetnad for å kunne søke Fylkets trafikksikkerhetsutval i Telemark - FTU om tilskot til trafikksikkerhetstiltak, (Aksjon skuleveg) .

Trafikksikringsutvalet har hatt 2 møte i 2016, 17.03.2016 og 18.11.2016.

Det er viktig å vere klar over at Fyresdal kommune ikkje kan utføre tiltak langs fylkesvegane i kommunen. Desse vegane er det Statens vegvesen som har ansvaret for og alle tiltak langs

desse vegane må skje i regi av dei.

Tiltaka i tiltakslista må handsamast og finansierast som eigne prosjekt, då dei har ein større kostnad enn ein kan take på ordinært driftsbudsjett .

Måloppnåing/status i gjeldande plan for trafikksikring av 26.02.2015:

Punkt 1 :

Haldningsskapande arbeid på tvers av etatane der politi, barnehagen, Gimle skule og kommunen er med. Det har alt blitt utført mykje godt arbeid over fleire år, der politi, barnehagen og Gimle skule har samarbeida om opplæring av born og unge, slik at dei ferdast tryggast mogleg i trafikken. Det er viktig at vi prioriterar dette arbeidet og har fokus på til dømes trafikk med moped, traktor, snøscooter, bil og sikring av born i bil. Ein må "alltid" ha tankar omkring dette og fokusere på samarbeid mellom etatane.

Må vidareførast.

Punkt 2 :

Forhøga fotgjengarfelt og fartsgrensesone 40 km/t langs fylkesveg 355 ved Bankkrysset. Dagens fortaug bør forlengast nokre meter mot syd for å betre sikten. Det må og byggjast repo, slik at mjuke trafikantar står trygt.

Siktsona sydover bør utbetrast.

Ansvar : Statens vegvesen. Dei ser positivt på tiltaket og reknar med at det går i orden.

Utført med høgna fotgjengarfelt og fartsgrense 40 km/t.

Punkt 3 :

Forlengje dagens 60 km/t sone langs fylkesveg 355 til nord for avkøyringa til Molandsmoen industriområde.

Ansvar : Statens vegvesen. Dei vurderar dette.

Vidareført til revidera plan.

Punkt 4 :

Trafikktilhøva ved Hegglandsgrend daglegvare . Her er sikten mot nord svært dårleg. Det er bare flaks at det ikkje har skjedd fleire ulykker her. Sikten nordover ville blitt svært mykje betre dersom ein kunne ta litt av den haugen som ligg nord for forretningen. For å få løyve til dette må ein gå om kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen.

Ansvar : Fyresdal kommune kontaktar kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen. Statens vegvesen vurderar om det skal setjast opp eit fareskilt nord for avkøyringa.

Vidareført til revidera plan.

Punkt 5 :

For å betre trafikkbiletet i området ved helsesenteret og barnehagen skal det setjast opp skilt som visar parkeringsplassen for tilsette og besøkande. Bare drosjer og personar med rørslehemming har høve til å køyre til inngangspartiet.

Det er bare tilsette som må ha bilen nærast mogleg med tanke på utrykking som skal parkere på oppmerka plass ved inngangspartiet. Lensmannen fylgjer med.

Det må informerast via kommunens heimeside og kommuneinformasjonen om dette. Ein må og ta direkte kontakt med aktuelle drosjesjåførar .

Ansvar : Fyresdal kommune.

Fartsgrenseskilt 30 km/t skal opphevast med skilt på "baksida" av eksisterande stolpe. Skiltet "RESERVERT" på vegg til helsesenteret skal fjernast.

Ansvar : Fyresdal kommune. (Stipulera kostnad: kr 25.000,-)

Vidareført til revidera plan, inn i pkt 4.

Punkt 6 :

Generelt om skulekøyring : Skulebussen skal ikkje stoppe på bakketoppen ved Lislestog i Hegglandsgrend for å ta på skuleelevar. Elevane skal enten gå på bussen i vegskillet til

Taraldlien eller ved Vollane (syd for Lislestog). Bussjåførane, Gimle skule og aktuelle foreldre skal orieriterast om dette.

Ansvar : Fyresdal kommune.

Ved Håsumbrua skal Statens vegvesen vurdere om det kan byggjast eit kantstopp, (ei mindre lomme som personar kan nytte ved av og påstiging) på austsida av Fylkesveg 355.

Ansvar : Statens vegvesen .

Vidareført til revidera plan.

Punkt 7 :

Merke parkeringsplassar for rørslehemma ved NAV- bygget, Spar, Joker og offentlege bygningar. Det skal merkast på asfalten og om mogleg på veggen . Ein må avklare dette med eigarane ev bygningane.

Ansvar : Fyresdal kommune. (stipulera kostnad: kr. 8.000,-).

Utført og merka i samsvar med ønske.

Punkt 8 :

Gamleveg frå Sentrum til Berglandskrysset : Legge til rette for mjuke trafikantar.

- Vegljøs . (stipulera kostnad: kr. 1,3 MNOK for 1,8 km veg).

- Fartsdumpar. (stipulera kostnad: kr. 55.000 ,- for 4 stk prefabrikera). Ansvar : Fyresdal kommune

Fartsdumpar er utført. Blir teken inn om vinteren. Gode tilbakemeldingar frå bebuarar langs vegen.

Punkt 9 :

Kåsegrendvegen frå Århuskrysset og fram til avkøyringa ved Tøddestogene :

- Vegljøs. (stipulera kostnad: kr. 300.000,- for 400 meter veg). Ansvar : Fyresdal kommune.

Vidareført til revidera plan.

Punkt 10 :

Ljospunkt ved busskuret i krysset til Kleivgrendsvegen langs fylkesveg 355.

(Statens vegvesen ynskjer ikkje å sete opp vegljøs som enkeltpunkt langs sine vegar. Men dei er positive til å montere eit ljospunkt inne i sjølve busskuret. Dei skal vurdere om dette lar seg gjere).

Ansvar : Statens vegvesen.

Vidareført til revidera plan.

Punkt 11 :

Alle fotgjengarfelt i sentrumsområdet blir merka på nytt og skilta. Ansvar : Fyresdal kommune. (stipulera kostnad: kr. 12.000,-).

Utført.

Punkt 12 :

Generell rydding av siktsoner langs offentlege vegar og avkøyringar . Ansvar : Statens vegvesen langs fylkesvegane .

Fyresdal kommune langs dei kommunale vegane.(stipulera kostnad: Avhengig av kor stor mengde som blir utført. Kr 40-60.000 ,- pr år.

Vidareført til revidera plan.

Prioritera punkt for trafikksikring i revidera plan:

Det er stipulera ein kostnad på dei punkta som ein har kunne sett kostnad på i revidera plan, ved tidspunkt for utarbeiding av planen. Det er ikkje stipulera kostnad der Statens Vegvesen har ansvaret.

Det har vare ei stor endring i trafikkbilde på Prestegardsvegen , med auka trafikk av mjuke trafikantar. Dette har trafikksikkerhetsutvalet sett på og vurdere. Det er medteke for tiltak på denne vegen i revidera tiltaksliste. Med høg prioritet. Dette er eit tiltak ein kan søke om TU-midlar til.

Punkt 1 :

Haldningsskapande arbeid på tvers av etatane der politi, barnehagen, Gimle skule og kommunen er med. Det har alt blitt utført mykje godt arbeid over fleire år, der politi, barnehagen og Gimle skule har samarbeida om opplæring av born og unge, slik at dei ferdast tryggast mogleg i trafikken . Det er viktig at vi prioriterar dette arbeidet og har fokus på til dømes trafikk med moped, traktor, snøscooter, bil og sikring av born i bil. Ein må "alltid" ha tankar omkring dette og fokusere på samarbeid mellom etatane.

Punkt 2 :

Tiltak for å trygge dei mjuke trafikantane på Prestegardsvegen, frå X FV355 og til kyrkja. Utbetre eksisterande veg, nytt fortaug og gateljos.

Ansvar : Fyresdal kommune. (stipulera kostnad: kr. 1.300.000,-)

Punkt 3 :

Forlengje *G/S* veg langs FV355 frå Landstadvegen(bankkrysset) og til Prestegardsvegen.

Ansvar : Statens vegvesen

Punkt 4.

Revidere skiltplan for Fyresdal sentrum. Dette må ein ha for å kunne håndheve skilting.

Ansvar: Fyresdal kommune (stipulera kostnad: kr. 80.000,-)

Punkt 5 :

Ynskje om høgna fotgjengarfelt og 40 km/t fartsgrense ved X FV355/ Meieribakken/ Prestegardsvegen. Same tiltak som i "bankkrysset" .

Ansvar: Statens vegvesen

Punkt 6:

Trafikktilhøva ved Hegglandsgrend daglegvare . Her er sikten mot nord svært dårleg. Det er bare flaks at det ikkje har skjedd fleire ulykker her. Sikten nordover ville blitt svært mykje betre dersom ein kunne ta litt av den haugen som ligg nord for forretningen. For å få løyve til dette må ein gå om kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen.

Ansvar : Fyresdal kommune kontaktar kulturminneavdelinga hjå Fylkesmannen. Statens vegvesen vurderar om det skal setjast opp eit fareskilt nord for avkøyringa, samt om det kan setast opp spegel frå utkøyring butikk.

Punkt 7:

Merking/ skilting for kryssande skuleborn i Hauggrend og på Veum. Ved kryssingsplassar av FV 355 for på-/ avstiging av skulebuss.

Ansvar: Statens vegvesen.

Punkt 8 :

Generelt om skulekøyring : Skulebussen skal ikkje stoppe på bakketoppen ved Lislestog i Hegglandsgrend for å ta på skuleelevar. Elevane skal enten gå på bussen i vegskillet til Taraldlien eller ved Vollane (syd for Lislestog). Bussjåførane, Gimle skule og aktuelle foreldre skal orienterast om dette.

Ansvar : Fyresdal kommune.

Ved Håsumbrua skal Statens vegvesen vurdere om det kan byggjast eit kantstopp, (ei mindre lomme som personar kan nytte ved av og påstiging) på austsida av Fylkesveg 355.

Ansvar : Statens vegvesen.

Punkt 9:

Gamleveg frå Sentrum til Berglandskrysset : Legge til rette for mjuke trafikantar .

- Vegljøs. (stipulera kostnad: kr. 1,3 MNOK for 1,8 km veg).

Ansvar : Fyresdal kommune

Punkt 10:

Kåsegrendvegen frå Århuskrysset og fram til avkøyringa ved Tøddestogene :

- Vegljøs. (stipulera kostnad: kr. 300.000,- for 400 meter veg).

Ansvar : Fyresdal kommune.

Punkt 11:

Forlengje dagens 60 km/t sone langs fylkesveg 355 til nord for avkøyringa til Molandsmoen industriområde.

Ansvar : Statens vegvesen. Dei vurderar dette.

Punkt 12:

Ljospunkt ved busskuret i krysset til Kleivgrendsvegen langs fylkesveg 355.

(Statens vegvesen ynskjer ikkje å setje opp vegljøs som enkeltpunkt langs sine vegar. Men dei er positive til å montere eit ljospunkt inne i sjølve busskuret. Dei skal vurdere om dette lar seg gjere).

Ansvar : Statens vegvesen.

Punkt 13:

Generell rydding av siktsoner langs offentlege vegar og avkøyringar.

Ansvar : Statens vegvesen langs fylkesvegane.

Fyresdal kommune langs dei kommunale vegane.(stipulera kostnad: Avhenging av kor stor mengde som blir utført. Kr 40-60.000,- pr år.

Konklusjon:

Revidera plan for trafikksikring i Fyresdal bør godkjennast slik den ligg føre, med prioritera liste frå trafikksikkerhetsutvalet. Prioritera tiltaksliste er naudsynt for å søke TU-midlar i Telemark.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vedtek revidera plan for trafikksikring, med prioritet slik trafikksikkerhetsutvalet har førelagt, og lista opp i vurderinga i saka.

Ketil O. Kiland	
rådmann	John Kjell Lien
	prosjektleder/byggeleder